
Saksnr: 2021/18269-1
Saksbehandler Sissel Espe
Dato: 21.04.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse

Jobbsjansen del B- grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege

Bakgrunn:

Fylkeskommunen har overteke seks oppgåver på integreringsfeltet frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) frå 1. januar 2020, jf Meld. St. 6 (2018-2019)

Dette gjeld følgjande oppgåver:

- busetting av flyktningar
- kvalifiseringsarbeidet,
- førebygging av negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting
- samarbeid med regionale sektorstyresmakter
- fylkeskommunar, frivilligheit og samfunnsdeltaking

- tilskotsordningar :
 - mentor- og traineeordning
 - etableraropplæring for innvandrarar

- jobbsjansen del B

Det overordna målet i den nasjonale integreringspolitikken er rask kvalifisering av flyktningar gjennom arbeid og utdanning. Dette er også nedfelt i føremålet med den nye integreringslova. Oppgaveoverføringa og innhaldet i oppgåvene utfordrar fylkeskommunen på tverrsektorielt samarbeid, og gir handlingsrom for utforming av regional politikk, men og klare forventingar om resultat.

Grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege på ein vidaregåande skule

I Vestland fylkeskommune har Jobbsjansen del B fått namnet kombinasjonsklassar. Arbeidet med å opprette og halde fram med kombinasjonsklassene føl vedteken plan for arbeidet.

Tilbodet skal bidra til betre grunnskuleopplæring for innvandrarungdom i aldersgruppa 16-24 år.

Målet med ordninga er å kvalifisere deltakarane til vg1 og auke gjennomføringa i vidaregåande

opplæring for innvandrungdom. Ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje har opparbeidd seg godt nok fagleg grunnlag, høyrer inn under målgruppa. Vestland fylkeskommune har fått statlege rammeoverføringar på 9,8 mill. kr basert på talet på innvandrarar i fylket.

Viser til politisk notat i RS 32/2020 og vedlagt plan for arbeidet med kombinasjonsklasser i Vestland.

I tillegg viser fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse til vedlagt informasjon om tilrettelegging av fag- og yrkesopplæringstilbod for minoritetsspråklege i samarbeid med Nav og Nordfjordkulane. Det er liknande tilbod under utvikling andre stader i Vestland.

Fleire av deltakarane som har gått i kombinasjonsklasser har gått vidare til dette tilbodet eller til ordinære løp i vidaregåande opplæring. Å sjå desse to opplæringstilboda i samanheng kan difor vere viktig. Dette med tanke på kvar vi utviklar tilboda vidare i Vestland og for korleis vi legg til rette for ei god opplæringsreise slik at dei gjennomfører vidaregåande opplæring og går mot varig arbeid.


Utvikling av tilbodet med kombinasjonsklasser i Vestland

Skuleåret 2019/2020 var det 120 ungdommar som gjennomførte tilbodet ved 7 vidaregåande skular i tidlegare Sogn og Fjordane. Skuleåret 2020-2021 har det vore tilbod om kombinasjonsklassar ved 9 av dei vidaregåande skulane i Vestland med omlag 110 elevar.

Fylkeskommunen har informert alle kommunane om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet gjennom webinar november 2020. Fleire kommunar tok i etterkant kontakt og viste interesse for samarbeid om å utvikle eit tilbod for minoritetsspråklege med kort butid.

Nye kommunar vi har hatt dialog med er: Bømlo, Stord, Kvinnherad, Alver, Askøy, Bjørnafjorden, Osterøy og Bergen. På grunn av pandemien og stengde grenser greidde ikkje alle kommunar å få nok deltakarar i år, men ynskjer å halde fram dialogen for å starte opp eventuelt neste skuleår. Voss og Bømlo er per no klare for å starte opp kombinasjonsklasser hausten 2021. Dialogen med desse to kommunane har vore god og begge partar har felles mål om å legge til rette for god kvalitet i opprettinga av tilbodet. Det konkrete planleggingsarbeidet er allereie i gong.

Vidaregåande skular med kombinasjonsklasser 21-22:



Samarbeidsavtaler med vertskommunar

Etablering og drift av kombinasjonsklassane føreset eit avtalebasert samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane. Den må tydeleggjere kva ansvar som ligg til kvar av partane i høve drift, sikre fagleg nivå på opplæringa, og økonomi.

Vi har revidert nye samarbeidsavtalar med alle involverte kommunar. Dei statlege midlane dekkjer oppstart av 11 grupper komande år. I tillegg får skulane midlar til fleispråkleg ressurs.

Økonomi

Budsjett kombinasjonsklasser skuleåret 2020-2021			
Overførte midlar til fylkeskommunen			kr 9 700 000,00
Fylkeskommunale midlar-eigendel SFJ			kr 3 800 000,00
Fylkeskommunale midlar-eigendel Hordaland			kr 300 000,00
Totalt			kr 13 500 000,00
Elevar SFJ		90	
Elevar Ho		20	
Totalt		110	
Tidlegare Sogn og Fjordane			kr 11 045 454,55
Tidlegare Hordaland			kr 2 454 545,45
Tildelt skulane:			kr 13 500 000,00

Meld.St.21-fullføringsreformen- med opne dører til verda og framtida

Regjeringa vurderer å innføre ei fylkeskommunal plikt til å tilby eit overgangstilbod for elevar som har innvandra og har svake språkferdigheiter og / eller faglege utfordringar. Per no har Vestland fylkeskommune overgangstilbod med kombinasjonsklasser i samarbeid med ulike kommunar om grunnskuleopplæring.

Fylkeskommunen vil også komande skuleår ha tilbod om innføringsklasser ved Bergen Katedralskole og Årstad vidaregåande skule.(56 elevar) Elevane brukar ikkje av opplæringsretten, og det store fleirtalet vil gå over i ordinær Vg1 etter innføringsåret. Dette er ei tilpassa opplæring lagt til rette av fylkeskommunen.

For målgruppa minoritetsspråklege søkjarar i same aldergruppa er det også mogleg å gå Vg1 Helse- og oppvekstfag i særskilt tilrettelagde grupper ved Fyllingsdalen vidaregåande skule og Åsane vidaregåande skule. Tilsvarande tilbod for Vg1 studiespesialisering finst ved Bergen Katedralskole. Dette er eigne fylkeskommunale tiltak der dei brukar av opplæringsretten sin.

Deltakarane i desse tiltaka er ei mangfoldig gruppe, men eit fellestrekk er at dei har utfordringar på skulen på grunn av svake norskferdigheter. Nokre har også lite skolegang frå heimlandet eller kort tid i norsk grunnskule. Møtet med vidaregåande opplæring er difor svært krevjande og fleire sluttar, samanlikna med andre elevar .

Både Liedutvalget og opplæringslovutvalget har peikt på at det bør gjerast endringar i tilbodet til denne elevgruppa. Begge utvala peikar på at det er problematisk at ungdom som berre har gått i norsk grunnskule i kort tid, startar på eit vidaregåande løp dei ikkje har språklege og/eller faglege føresetnader for å fullføre og bestå.

Vestland fylkeskommune ynskjer å utvikle samarbeidet med nye kommunar og dei vi allereie har samarbeid med om grunnskuleopplæring på ein vidaregåande skule. Dette er eit førebyggjande tiltak for å kvalifisere dei til å klare seg i vidaregåande opplæring. Erfaringane vi har så langt med dette tilbodet er at dei klarer seg betre gjennom vidaregåande opplæring etter å ha gjennomført eit eller to år i kombinasjonsklasse.

Fylkesdirektøren vil i det vidare arbeidet sjå på kva for nokre av desse tilboda som gir best effekt for at dei minoritetsspråklege skal klare å gjennomføre vidaregåande opplæring. Arbeidet vidare med kombinasjonsklassar i Vestland følgjer utarbeidd plan. Tal kommunar vi har avtale med aukar, og avsette midlar i budsjettet vert stilt til rådvelde for gjennomføringa av tiltaket.